

# Rosa alternativ - sakshandsaming

- **Tokke kommune** -

---

**Forvaltningsrevisjonsrapport nr: 733009**

**2008**

## Innhald

<b>Samandrag .....</b>	<b>iii</b>
<b>1 Innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1 Problemstillingar .....	1
1.2 Presiseringar og avgrensingar.....	1
<b>2 Metode og kvalitetssikring.....</b>	<b>2</b>
2.1 Metodeval og gjennomføring .....	2
2.2 Høyring.....	2
<b>3 Revisjonskriterium .....</b>	<b>2</b>
<b>4 Gjennomføring av vedtak og informasjon i saka .....</b>	<b>3</b>
4.1 Vedtak og informasjon .....	3
4.2 Kostnadsutvikling.....	7
4.3 Revisor sin vurdering .....	8
<b>5 Beslutningsprosessen.....</b>	<b>8</b>
5.1 Tidsbruk.....	8
5.2 Revisor sin vurdering .....	9
<b>6 Konklusjon .....</b>	<b>9</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>11</b>

## Samandrag

Kommunestyret fatta vedtak om at det skulle gjennomførast forvaltningsrevisjon som omhandla utbygginga av sjukeheimen. Kommunestyret vedtok følgjande problemstillingar for prosjektet:

1. Har administrasjonen fulgt opp politiske vedtak som har vore fatta?
2. Er det under den politiske og administrative handsaminga skjedd forhold som har forsinka beslutningsprosessen?
3. Har beslutningsorganet fått nødvendig og relevant informasjon då vedtak blei fatta?
4. Andre forhold revisjonen finn å vurdere nærare under gjennomgangen av saka.

### Undersøkingane viser:

Utbygginga har vore handsama i kommunestyret i tre år før bygginga vart sett i gang. Det har vore usemje om kor omfattande utbygginga skulle vere. Den viktigaste årsaka til at saka stadig blei sendt tilbake til kommunestyret, var at innvilga kostnadsramme vart for liten. Utbygginga har vorte mykje dyrare enn kva ein trudde til å begynne med.

Alle tre problemstillingane heng nært i saman. Det betyr at det vil i stor grad vil vere dei same forholda som gjeld for alle problemstillingane.

*Når det gjeld problemstillinga om oppfølging av politiske vedtak, meiner vi følgjande:*

Vi har ikkje funne vedtak som administrasjonen ikkje har følgd opp, men ved to tilfelle meiner vi at det kan vere grunn til å stille spørsmål ved den oppfølginga som vart gjort. Dette gjeld:

- Vedtak 05/42. Vi er meiner at kostnadsoverslaget på "rosa alternativ" som var utarbeida etter dette vedtaket ikkje kan seiast å vere kvalitetssikra.
- Vedtak 06/46. Det vidare arbeid med utbygginga vart ikkje sett i gang sjølv om vedtak var fatta. Informasjonen om ny tilskotsordning kom ikkje til kommunestyret før i november same år.

*Når det gjeld problemstilling om beslutningsprosessen har blitt forsinka, meiner vi følgjande:*

Beslutningsprosessen har først og fremst blitt forsinka av urealistiske kostnadsoverslag, men også av at ein har hatt urealistiske forventningar om kva ei slik utbygging vil koste, og derfor ikkje ville vedta "gult alternativ" i juni 2005 fordi det vart for dyrt.

*Når det gjeld problemstillinga om relevant og nødvendig informasjon, meiner vi følgjande:*

- Informasjonen om investeringskostnader for utbygginga ikkje har vore god nok.
- Informasjonen om ny tilskotsordning var både relevant og nødvendig, men det er vanskeleg å sjå at utbygginga burde ha blitt så forsinka av den grunn.

Vi har ikkje sett det som nødvendig å følgje opp andre forhold på dette tidspunktet, jf. problemstilling nr. 4.

Bø 30. april 2008  
Telemark kommunerevisjon IKS

*Anne Hagen Stridsklev*

Anne Hagen Stridsklev  
forvaltningsrevisor

## **1 Innleiing**

Prosjektet er gjennomført som forvaltningsrevisjon. Heimel for forvaltningsrevisjon er gitt i kommunelovens § 77 nr. 4, jamfør forskrift om kontrollutval kapittel 5 og forskrift om revisjon kapitel 3.

I følge forskrift om revisjon § 7 skal forvaltningsrevisjon gjennomførast og rapporterast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og kjente standardar på området. Denne rapporten er utarbeidd med grunnlag i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon, fastsett av Norges Kommunerevisorforbunds styre 23. mai 2005 og gjort gjeldande som god kommunal revisjonsskikk. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar som er fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

### **1.1 Problemstillingar**

Kommunestyret vedtok i sak 07/011 at det skulle gjennomførast ein forvaltningsrevisjon som var retta mot sakshandsaminga av utbygging av sjukeheimen. Kommunestyret presiserte nærare i sak 07/050 kva dei ville at forvaltningsrevisjonen skulle omfatte. Kommunestyret vedtok følgjande problemstillingar for prosjektet:

5. Har administrasjonen fulgt opp politiske vedtak som har vore fatta?
6. Er det under den politiske og administrative handsaminga skjedd forhold som har forsinka beslutningsprosessen?
7. Har beslutningsorganet fått nødvendig og relevant informasjon då vedtak blei fatta?
8. Andre forhold revisjonen finn å vurdere nærare under gjennomgangen av saka.

### **1.2 Presiseringar og avgrensingar**

Vi avgrensar revisjonen til å omfatte saker som er handsama av kommunestyret og ikkje andre politiske utval. Vi kvalitetssikrar ikkje dei framlagde kostnadstala.

Om problemstilling nr. 3: I samband med denne problemstillinga vurderar vi den informasjonen som er lagd fram for kommunestyret.

Om punkt 4: Revisjonen har ikkje sett behov for å gjere andre undersøkingar på dette tidspunktet.

## **2 Metode og kvalitetssikring**

### **2.1 Metodeval og gjennomføring**

Den viktigaste metoden i dette prosjektet er dokumentanalyse. Vi har gjennomgått alle kommunestyresaker frå 2004 til 2007 som omhandlar ombygginga på sjukeheimen. Det blir nærare gjort reie for kva saker som er gjennomgått under faktaframstillinga.

I tillegg har vi hatt samtaler med ordførar, rådmann og helse- og sosialsjef.

### **2.2 Høyring**

Rapporten vart sendt på høyring til kommunen før den blei sendt handsaming i kontrollutvalet. Kommentaranane frå kommunen ligg som vedlegg. Det er ikkje gjort nokon endringar i rapporten som ei følgje av høyringssvaret.

## **3 Revisjonskriterium**

Revisjonskriterium er ei samlenemning på reglar og normer som gjeld innafor det området som undersøkast. Kriteria ligg til grunn for dei vurderingar og konklusjonar som er gjort.

Kommunelova seier i § 23 andre ledd at rådmannen har ansvar for at alle saker som leggst fram for folkevalde organ er forsvarleg reia ut om, og vedtak blir sett i verk.

Problemstilling 1: Har administrasjonen følgd opp politiske vedtak som har vore fatta?

Revisjonskriterium er at rådmannen har ansvaret til at alle politiske vedtak blir sett i verk.

Problemstilling 2: Er det under handsaminga av den politiske og administrative handsaminga skjedd forhold som har forsinka beslutningsprosessen?

Denne problemstillinga er deskriptiv (beskrivande). Vi vil undersøkje kva som har skjedd og beskrive dette i rapporten. Vi har derfor ikkje kriterium til denne problemstillinga.

Problemstilling 3: Har beslutningsorganet fått nødvendig og relevant informasjon då vedtak blei fatta?

Revisjonskriterium er at rådmannen har ansvar for at alle saker som leggst fram for politisk handsaming er forsvarleg utreia.

## 4 Gjennomføring av vedtak og informasjon i saka

### 4.1 Vedtak og informasjon

Pleie- og omsorgsplan for Tokke kommune vart lagt fram for kommunestyret i februar 2004 (sak 2). Planen konkluderte ma. med at kommunen burde byggje sju nye sjukeheimsplassar tilpassa senildemente. Kommunestyret meinte at det blei for dyrt å realisere planen slik den låg føre, og sette ned ei plangruppe som skulle finne rimelegare løysingar. Plangruppa presenterte følgjande alternativ for kommunestyret i møte 17.08.04:

- Gult alternativ – ombygging av den vestlege fløya med 2 rom som nye påbygg
- Redusert gult alternativ – ombygging som over, men utan påbygg
- Blått alternativ – ny fløy på 322 m<sup>2</sup>

Plangruppa fekk nytt mandat til å vurdere kostnader og konsekvensar av dei ulike alternativa. Det blei spesielt peika på at gruppa måtte vurdere stillingsbehovet ved dei ulike alternativa. Resultatet av arbeidet skulle leggest fram samstundes med rulleringa av økonomiplanen hausten 2004.

#### Alternative ombyggingar som er omtala i den vidare sakshandsaminga:

Gult alternativ: Det er fleire variantar av gult alternativ. Alternativet som blei kostnadsberekna medførte netto 4 nye sjukeheimsplassar.

Blått alternativ: Stort sett nybygg. Medførte netto 7 nye sjukeheimsplassar. Kravde ei ekstra nattevakt (dvs. høgare driftskostnader).

Rosa alternativ: Ombygging/nybygg: Medførte netto 7 nye sjukeheimsplassar. Kravde ikkje ekstra nattevakt.

I november 2004 handsama kommunestyret sak på nytt. Då hadde RO Ressurssenter laga ein rapport som analyserte utviklinga i befolkninga i kommunen. Rapporten anbefaler at kommunen velgjer "gult alternativ". Den konkluderar med at tre nye sjukeheimsplassar er nok for å oppretthalde dekningsgraden på 29 %. Ein ville då liggje over statens tilråding på 25 %. Rådmannen innstilte på å gjennomføre "gult alternativ". Helse- og sosialutvalet og formannskapet var ikkje einige. Begge utvala vedtok at rosa alternativ, dvs. netto sju nye sjukeheimsplassar, skulle gjennomførast. Kommunestyret følgde innstillinga til rådmannen.

År	Sak	Tittel/vedtak
2004	081	<b>Ny vurdering av auka i sjukeheimplassar</b>
	1	Tokke helsesenter vert ombygd i tråd med saksopplysingane – ”Gult alternativ A”. Rådmannen kjem attende med eiga byggjesak, kvalitetssikra kostnader og finansieringsplan for dei bygningsmessige tiltaka.
	2	Ombygginga/utbygginga skal føre til ein auke på tilsaman 4 nye sjukeheimplassar slik: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gult alternativ vert skipa som eget skjerma avsnitt med 7 plassar med netto 3 nye sjukeheimplassar. Resten av sjukeavdeling B vert bemanna i tråd med saksopplysingane.</li> <li>• I tillegg vert det bygd på eit nytt pasientrom ved eksisterande skjerma avsnitt ved sjukeavdeling A utan at bemanninga vert auka.</li> </ul>
	3	Kommunestyret forutset at bemanningsressursane totalt ved Tokke helsesenter og Omsorgssenteret vert samkøyrde ved trong.
	4	Ramma for planområde 3 vert høgda med kr 1 000 000 i 2005 og kr 1 885 000 vidare i rammeplanen.
	5	Åmdals Verk alderspensjonat held fram som eit butilbod ope for alle på noverande nivå – utan bemanning.
	6	Teknisk ser på moglegheiten for å føre opp bygget sjølve.

Teikningar med kostnadsoverslag vart presentert for kommunestyret i juni 2005. Ombygginga blei berekna til å koste frå 5,5 mill kr til 5,94 mill kr alt etter som kva variant kommunen valde. Dette var mykje dyrare enn berekna. Kommunen hadde berre avsett 3 mill kr i økonomiplanen.

Det blei ikkje sagt noko meir om dei driftsmessige konsekvensane av ombygginga.

Rådmannen innstilte derfor på at saka skulle utsetjast til hausten og handsamast saman med økonomiplanen for 2006-2009. Helse- og sosialutvalet var einig i at saka skulle utsetjast, men dei foreslo at ein også skulle hente fram ”rosa alternativ” og kvalitetssikre kostnadene på dette alternativet. Kommunestyret vedtok innstillinga frå helse- og sosialutvalet.

År	Sak	Tittel/vedtak
2005	42	<b>Ombygging/utbygging ved sjukeheimen</b>
	1	Saka vert sett ut til hausten og vert å handsame i samanheng med utarbeidinga av Økonomiplanen 2006-2009
	2	Administrasjonen skal i forkant av budsjetthandsaminga: <ol style="list-style-type: none"> <li>a Kvalitetssikre driftskostnadene ved gult alternativ – jf. vedtak i kommunestyret – sak 04/081</li> <li>b Kvalitetssikre investeringskostnadane med ”rosa alternativ”.</li> <li>c Kvalitetssikre driftskostnadane med ”rosa alternativ”.</li> </ol>

Saka blei handsama på nytt i november 2005. Då blei det lagt fram kostnadstal for investering og drift for rosa og gult alternativ. Om investeringskostnaden for ”rosa alternativ” skriv teknisk etat:



”Rosa alternativ er eit tilbygg (nybygg) til eksisterande skjerma eining. Det innheld 7 nye pasientrom. Rosa alternativ er eit skisseforslag. For å kvalitetssikre kostnadane på dette alternativet må det prosjekterast.

Rosa alternativ er direkte samanliknbart med blått alternativ som også er eit tilbygg (nybygg) til eksisterande bygg, men på ein annan stad av helsesenteret. Det er like mange nye pasientrom, dei tekniske løyingane vil vere like osv. Vi nyttar difor kostnadar frå dette prosjektet. Kostnadane frå dette prosjektet ble i mai 2004 sett til 7,5 mill inkl mva. Totalt er 362 m<sup>2</sup> (322 m<sup>2</sup> bruksareal i 1. etasje og 40 m<sup>2</sup> teknisk rom i 2. etasje). Dette gir ein kvadratmeterpris på ca kr 20718,-. Dette trur vi er ein reell kvadratmeterpris på nybygg i dag, kanskje det var noe høgt i mai 2004.”

Rådmannen innstilte framleis på ”gult alternativ” som medførte at det skulle byggjast fire nye sjukeheimplassar. Saken vart handsama i Eldrerådet og Helse- og sosialutvalet. Begge innstilte på ”rosa alternativ”. Formannskapet vedtok ”gult alternativ”. Innstillinga frå Helse- og sosialutvalet blei vedtatt i kommunestyret med 11 mot 10 røyster:

År	Sak	Tittel/vedtak
2005	058	<b>Ombygging/utbygging av sjukeheimen – Val mellom Gult og Rosa alternativ</b>
	1	Tokke helsesenter får eit nybygg – rosa alternativ – med netto 7 nye sjukeheimplassar lagt til rette for senil demente. Maksimal investeringskostnad er kr 8 100 000 inkludera inventar.
	2	Helse- og sosialutvalet ser større mogelegheit for å øyremerke rehabiliterings- og avlastningsplassar, samt utbetring av spisestova ved sjukeavdeling A ved å velje Rosa alternativ. Ein ber om eigen sak på dette seinare.
	3	Kommunestyret forutset at bemanningsressurs totalt ved Tokke helsesenter og Omsorgsenteret vert samkjørde ved trong.
	4	I tråd med dette vert ramma for planområde 3 høgda med kr 615 000 (2007 og vidare i økonomiplanperioden) i høve til formannskapet sitt førebels framlegg til budsjett/økonomiplan i sak 05/117. Ramma for planområde 6 og 5 vert likeeins auka høvesvis med kr 105 000 til kapitalkostnader og kr 103 000 til straum/vask/vedlikehald. Inndekninga vert vurderd i samband med budsjett-/økonomiplanhandsaminga no i haust.

”Rosa alternativ” blei forprosjektert våren 2006. Forprosjekteringa synte at investeringsramma på 8,1 mill kr ikkje var tilstrekkeleg. Ny investeringskostnad blei berekna til 14,2 mill kr. I følgje rådmannen var denne kalkylen svært usikker på grunn stort press på byggemarknaden. Auken i driftskostnader ville også bli større enn kva ein trudde i november 2005. Rådmannen meinte at kostnadsauken skuldast at ein ved tidlegare berekningar baserte seg på prisfastsettinga av ”blått alternativ” som var eit reint nybygg.

I samband med punkt 2 i vedtaket frå sak 05/058 opplyste rådmannen at eit av pasientromma kunne gjerast om til spisestove. Det ville ha ein kostnad på kr 40 000, men det ville føre til at det berre vart 6 nye sjukeheimplassar totalt sett.

Rådmannen ville ikkje tilrå at "rosa alternativ" blei gjennomført når det blei så dyrt. Han meinte at anten så måtte ein utsette saka til økonomiplanen skulle vurderast på nytt, eller velje å gjennomføre "gult alternativ" som kosta mindre. Helse- og sosialutvalet ville ikkje utsette og ville heller ikkje ha "gult alternativ". Dei vedtok at "rosa alternativ" skulle gjennomførast. Innstillinga frå Helse- og sosialutvalet blei vedtatt av formannskapet og av kommunestyret med 11 mot 10 røyster.

År	Sak	Tittel/vedtak
2006	042	<b>Ei kostnadmessig vurdering ved alternativa ved utvidinga av sjukeheimen etter forprosjekteringa av såkalla "Rosa alt"</b>
	1	Utbygging etter såkalla "rosa alt."
	2	Utbygginga må ta til snarast råd.
	3	Meirutgiftene stipulera til kr 725 000,- vert å innarbeide i budsjett/økonomiplan ved rulleringa til hausten.

I sak 06/043 vart det orientert om andre vedlikehaldsbehov ved Tokke helsesenter. Nokre av desse var innarbeidd i budsjettet for 2007. Rådmannen meinte at helsesenteret hadde følgjande rehabiliteringsbehov:

- Spisestove på sjukeavd. A. Kostnadsberekna til kr 48 000. Ikkje lagt inn i budsjett.
- Rehabilitering av kjøkken. Ikkje kostnadsberekna. Lagt inn budsjett for 2007 med 2,5 mill kr.
- Oppdatering av ventilasjonsanlegg. Kostnadsberekna til 9,125 mill kr. Lagt inn i budsjett for 2006 med 6 mill kr.
- Utviding av vaskeri. Tiltaket var ikkje kostnadsberekna eller lagt inn i budsjett.
- Fleire parkeringsplassar. Tiltaket var ikkje kostnadsberekna eller lagt inn i budsjett.
- Ny hovudinngang. Tiltaket var ikkje kostnadsberekna eller lagt inn i budsjett.
- Nytt kontor til psykiatritenesta. Tiltaket var kostnadsberekna til 1,2 mill kr, men ikkje lagt inn i budsjett.

Rådmannen tilråde at tiltaka vart vurdert i samband med økonomiplanen hausten 2006. Då kunne ein også vurdere om det var teneleg å samordne to eller fleire av tiltaka. Tilrådinga til rådmannen vart vedtatt, med tillegg om at ein skulle starte og førebu bygginga av nytt kontor til psykiatritenesta.

I kommunestyresak 06/075 vart det orientert om ei ny tilskotsordning som var varsla i ei stortingsmelding.<sup>1</sup> Rådmannen tilråde at ein utsette den vidare prosjekteringa av "rosa alternativ" til vilkåra for tilskotsordninga var kjent (til oktober 2007). Det ville ikkje vere nødvendig å utsette rehabiliteringa av helsesenteret (jf. 06/043) som ein følgje av dette. Fleirtalet i kommunestyret var ikkje einige, og vedtok innstillinga frå helse- og sosialutvalet med 11 mot 10 røyster.

År	Sak	Tittel/vedtak
2006	075	<b>Utsetting av utbygging/ombygging av sjukeheimen grunna ny føresetnad</b>
		Utbygging av ny sjukeheimsavd. (Rosa) skal skje etter fylgjande tidsplan: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Inngåing av kontrakt med byggherre – frist 1/6-07</li> <li>• Bygget skal vere ferdig seinast 1/8-08</li> </ul>

<sup>1</sup> Stortingsmelding nr. 25. Mestring, muligheter og mening. Framtidas omsorgsutfordringer.

I sak 07/011 blei det orientert om framdrifta i saka. Rådmannen meinte at det ville løne seg å samordne bygginga av "rosa alternativ" med dei andre rehabiliteringstiltaka på helsesenteret. Anbudet på ny skjerma eining og anbudet for rehabilitering av dei tekniske anlegga ved helsesenteret ville bli sendt ut samtidig. Rådmannen orienterte vidare om kva det ville koste å oppgradere vaskeriet. Rådmannen tilrådte at saka blei tatt til orientering, men kommunestyret vedtok følgjande:

År	Sak	Tittel/vedtak
2007	011	<b>Informasjon kring framdrifta av ny skjerma eining "Rosa alternativ" ved Tokke helsesenter samt modernisering av vaskeriet før kjøkkenet.</b>
	1	Anbud på tilbygget og utbetring av vaskeriet skal innhentast separat.
	2	Frist for anbud vert sett til 01.09.07. Val av utbygger innan 15.09.07.
	3	Kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon

I sak 07/051 blei det orientert om dei innkomne anboda. I kostnadsramma som rådmannen presenterte for kommunestyret, låg nytt hovudventilasjonsanlegg og brannteknisk oppdatering for heile bygget. I tillegg ville ein leggje nytt golvbelegg. Samla sett var ombygginga no kostnadsberekna til kr 32 626 200.

År	Sak	Tittel/vedtak
2007	051	<b>Ombygging av Tokke helsesenter – endeleg godkjenning og finansiering</b>
	1	Prosjektet for tilbygg av ny skjerma eining samt oppgradering av hovudventilasjonsanlegget ved Tokke helsesenter vert godkjent med ei samla ramme på kr 32 626 200 inkl. mva.
	2	Det vert gjeve ei tilleggsøyving til prosjekt 0231 581 261 6138 på kr 17 076 200 som vert finansiera med låneopptak.
	3	Eventuelle statlege tilskot kjem til fråtrekk i lånesummen.
	4	Momsrefusjonen på prosjektet vert sett av på kapitalfond.

## 4.2 Kostnadsutvikling

Overslaga over kva utbygginga vil koste har variert mykje. Nedanfor er det eit samandrag av kostnader for dei ulike alternativa slik dei blei presentert for kommunestyret:

Tidspunkt	Gult alternativ		Rosa alternativ (blått alternativ)	
	Investering	Drift	Investering	Drift
August 2004			8,1 mill	4,2 mill
November 2004	2,5 mill	2,1 mill		
Juni 2005	6,2 – 6,9 mill			
November 2005	6,6 – 7,3 mill	2,6 mill	8,1 mill	3,4 mill
Juni 2006		2,8 mill	14,2 mill	4,2 mill
September 2007			32,6 mill inkl.	
Sum anbud.			ventilasjonsanl.mm	

### 4.3 Revisor sin vurdering

Kommunestyret fatta fleire vedtak om bygging, før anboda endeleg blei sendt ut våren 2007. Utsettingane skyldast at vedtatt kostnadsramme stadig viste seg å vere for liten. Vi meiner at administrasjon i slike høve ikkje har noka anna val enn å ta saka tilbake til kommunestyret.

Det avgjerande punktet i denne saka er kva utbygginga vil koste. Det er særleg sjølve investeringskostnadene som har endra seg mykje. Anslaget på driftskostnader som følgje av utbygginga, har ikkje endra seg så mykje frå 2004 til 2007. I ei byggjesak vil alltid dei første kostnadsoverslaga vere svært usikre, men det overslaget som kommunestyret skal fatte endeleg vedtak ut frå, bør vere rimeleg sikkert.

I november 2004 vedtok kommunestyret at gult alternativ skulle gjennomførast. Kostnadane var anslått til 2,5 mill kr. Forprosjekteringa synte at utbygginga ville bli meir enn dobbelt så dyr. Kommunestyret ville då at kostnadane for rosa alternativ også skulle kvalitetssikrast, før dei fatta endeleg vedtak. Kostnadene for "rosa alternativ" blei ikkje kvalitetssikra. I staden henta ein fram kostnadsoverlaget for "blått alternativ", som ein meinte var samanliknbart med rosa. I dette høvet har administrasjonen ikkje følgd kommunestyrets vedtak.

Når "gult alternativ" blei forprosjektert, blei kostnadene meir enn dobla. Likevel meinte kommunen at det fyrste kostnadsoverlaget framleis var godt nok når det gjaldt rosa alternativ. Vi er noko skeptiske til denne vurderinga. Når "gult alternativ" blei så mykje dyrare enn føresett, er det naturleg å anta at dette også ville gjelde "rosa alternativ". Vi trur ikkje at det kostnadsoverlaget som blei lagd fram for kommunestyret i november 2005 var godt nok til å fatte endeleg vedtak om utbygging.

Vi trur ikkje at kommunestyret fekk god nok informasjon av kva som var realistiske kostnader for utbygginga.

Vi har også merka oss at vidare prosjektering og utarbeiding av anbod ikkje vart sett i verk etter at kommunestyret vedtok ny kostnadsramme for "rosa alternativ" i juni 2006.

## 5 Beslutningsprosessen

### 5.1 Tidsbruk

Tabellen under viser når kommunestyret har fatta vedtak i denne saka:

Månad og år	Sak	Vedtak (utdrag)
Febr. 2004	002	Plangruppe nedsett for å finne rimelegare løysingar enn det som er lagt opp til i pleie- og omsorgsplanen.
Aug. 2004	056	Plangruppe fekk nytt mandat til å utreie saka vidare.
Nov. 2004	081	Val av "gult alternativ".
Juni 2005	042	"Gult alternativ" vart for dyrt. Saka utsett til hausten. "Rosa alternativ skal også utredast.
Nov. 2005	058	Val av "rosa alternativ".
Juni 2006	042	Rosa alternativ for dyrt, forslag om utsetjing. Vedtak om fortsett val av "rosa alternativ".
Nov 2006	075	Orientering om ny tilskotsordning. Vedtak om at kontrakt med

		entreprenør skal vere inngått 01.06.07, bygget skal vere ferdig 01.08.08.
Mars 2007	011	Frist for anbod sett til 01.09.07.
Sept. 2007	051	Endeleg godkjenning av kostnadsramma for "rosa alternativ".

## 5.2 Revisor sin vurdering

Frå vedtak om å gjennomføre "gult alternativ" blei fatta i november 2004 til utbygginga blei endeleg godkjent i september 2007, gjekk det nesten tre år. Årsaka til utsettingane synest å ha vore at utbygginga stadig blei dyrare enn forventa.

Det som synest å ha forsinka gjennomføringa mest er urealistiske kostnadsoverslag. Tidleg i prosessen ville ikkje fleirtalet av politikarane bruke større midlar på denne ombygginga. Hadde kommunestyret vedtatt å gjennomføre "gult alternativ" sommaren 2005, til tross for auka kostnadsramme, ville truleg prosjektet vore ferdig nå.

Sommaren 2006 vedtok kommunestyret ny kostnadsramme på "rosa alternativ". Likevel vart ikkje prosjektet sett i gang. Helse og omsorgsdepartementet la fram Stortingsmelding nr.25 "Mestring, muligheter og mening" 22. september 2006. Stortingsmeldinga varsla eit nytt investeringstilskot til utbygging av fleire sjukeheimsplassar. Vi veit ikkje kva tid rådmannen vart kjent med denne nye ordninga, men kommunestyret vart orientert i november. Vi finn det naturleg at rådmannen ville orientere kommunestyret om denne ordninga, men vil samstundes stille spørsmål om kvifor arbeidet med vidare prosjektering og utarbeiding av anbod ikkje var i gang på dette tidspunktet.

Det er generelt vanskeleg å ta stilling til om kommunen har brukt meir tid enn det som var nødvendig for å utarbeide nye kostnadsoverslag eller å få utarbeidd anbodsdokument.

## 6 Konklusjon

Alle tre problemstillingane heng nært i saman. Det betyr at det i stor grad vil vere dei same forholda som gjeld for alle problemstillingane.

*Når det gjeld problemstillinga om oppfølging av politiske vedtak, meiner vi følgjande:*

Vi har ikkje funne vedtak som administrasjonen ikkje har følgd opp, men ved to tilfelle meiner vi at det kan vere grunn til å stille spørsmål ved den oppfølginga som vart gjort. Dette gjeld:

- Vedtak 05/42. Vi er meiner at kostnadsoverslaget på "rosa alternativ" som var utarbeida etter dette vedtaket ikkje kan seiast å vere kvalitetssikra.
- Vedtak 06/46. Det vidare arbeid med utbygginga vart ikkje sett i gang sjølv om vedtak var fatta. Informasjonen om ny tilskotsordning kom ikkje til kommunestyret før i november same år.

*Når det gjeld problemstilling av beslutningsprosessen har blitt forsinka, meiner vi følgjande:*

Beslutningsprosessen har først og fremst blitt forsinka av urealistiske kostnadsoverslag, men også av at ein har hatt urealistiske forventningar om kva ei slik utbygging vil koste, og derfor ikkje ville vedta "gult alternativ" i juni 2005 fordi det vart for dyrt.

*Når det gjeld problemstillinga om relevant og nødvendig informasjon, meiner vi følgjande:*

- Informasjonen om investeringskostnader for utbygginga ikkje har vore god nok.
- Informasjonen om ny tilskotsordning var både relevant og nødvendig, men det er vanskeleg å sjå at utbygginga burde ha blitt så forsinka av den grunn.

## Vedlegg

### Kommentarar frå kommunen:

Rådmannen skriv:

1. Kommunestyret sitt vedtaksgrunnlag for rosa alternativ i sak 05/058 var ikkje kvalitetssikra godt nok.  
Merknad:  
Det har i desse åra med høgt investeringspress på landsplan, vore vanskeleg å gje gode kostnadsoverslag. Sett i ettertid har me undervurdert kostnadspresset i bransjen. Når tilrådinga i sak 05/058 vart lagt fram var det liten skilnad mellom kostnadane ved Gult alternativ 5 som rådmannen gjekk for, og rosa alternativ - 6,9 mill kr mot 8,1 mill kr. Det er grunn til å tru at skilnaden eigentleg hadde vorte større om båe prosjekta hadde vorte detaljprosjektert. Når me no sit med fasiten så ser ein at kostnadsestimatet alt for lågt, men på det tidspunktet saka vart lagt fram, var rådmannen av den oppfatning at estimatet var tilstrekkeleg kvalitetssikra for det føremålet det var tent til.
2. Informasjon om ny tilskotsordning stoppa planlegginga - sak 06/046.  
Merknad:  
Rådmannen meiner å minnast at det kom informasjon om eit nytt statleg tilskot til sjukeheimsplassar før St.meld 25 vart lagt fram 22.sept, og at rådmannen orientera formannskapet munnleg om at me avventa nærare detaljplanlegging til reglane for det nye tilskotet låg føre. Grunngeving for dette var at ved førre runde med tilskot var det klare arealkrav m.m. til omsorgsbustaden eller sjukeheimsplassen for å få tilskotet. Å prosjektere eit bygg er kostnadskrevjande, og rådmannen vurderte at det var tid til å avvente nye reglar før ein sette i gang detaljprosjektering.

Venleg helsing

Olav Bjørn Bakken  
Rådmann  
Tlf 35075201, mob 90054978  
olav.b.bakken@tokke.kommune.no